



LHL - Radøy  
Kvistevegen 261  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/82 - 16/11565

Saksbehandlar:  
Monika Soltveit Gabrielli  
monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:  
09.09.2016

## Skjenkeløyve - ambulerande

Viser til din søknad om skjenkeløyve datert 05.09.2016.

Med heimel i alkohollova, og etter delegert fullmakt fatta av kommunestyret, **vert det gjeve ambulerande skjenkeløyve til LHL Radøy v/Berit Oliva Kvalvik laurdag 17/9-16** i anledning bryllaup.

Radøy kommune **kan ikkje gje skjenkeløyve for søndag 18/9.16**. Søknad om skjenking søndag 18/9 er avslått pga. manglande skjenkestyrar og avløyser denne dagen. Søndag er ein dag med mykje aktiviterar utanfor hallen, og særleg på fotballbana. Ansvarlege er difor naudsynt.

- a) Løyvehavar er LHL - Radøy
- b) Styrar for løyvet er
- c) Skjenketida for brennevin vert sett frå kl. 16.00 til kl. 01.00
- d) Skjenketida for øl og vin vert sett til kl. 02.00
- e) Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halvtime etter at skjenketida er slutt
- f) Løyvet gjeld innomhus i Radøyhallen.
- g) Utskjenka alkohol skal ikkje takast med utomhus.
- h) Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkohollova og forskrifta til alkohollova vert fylgde
- i) Aldersgrense 20 år for alkoholinnhald over 22% og 18 år for alkoholinnhald under 22%.
- j) Det må vera tilgang til alkoholfri drikke
- k) Det skal ikkje skjenkast til berusa personar.

Ver merksam på at det foregår aktiviterar på fotballbana også laurdag. Det er ikkje lov å ha med seg alkohol til lokalet eller ta den med utanfor lokalet. Det er berre alkoholen som er kjøpt inn til baren som kan nytast under bryllaupet.

Kommunen har engasjert kontrollør som kan koma på vitjing for å sjå til at alkohollova sine føresegner vert fylgde.

Gebyr: 340,-

Dersom du har spørsmål i saka kontakt konsulent kultur- og sørvistorget Monika Soltveit Gabrielli.

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli  
konsulent kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

LHL - Radøy

Kvistevegen 261

5936

MANGER